



Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til tilleggsutgreiing for Kinsedal kraftverk og Kveken kraftverk, Luster kommune

Vi viser til oversendinga 29.4.2016 og til e-post med stadfesting av utsett frist til 3.6.2016.

Vi viser også til vårt brev av 26.6.2015 der vi rådde frå at det skulle gjevast konsesjon til Kinsedal kraftverk og Kveken kraftverk på bakgrunn av mangelfult kunnskapsgrunnlag om naturmiljø og raudlisteartar. Vi er godt nøgde med at NVE har følgd opp dette med å påleggje søkjar å gjennomføre nye naturmiljøundersøkingar i området.

Vurdering

GPS-loggen tyder på at det her er gjort eit relativt grundig feltarbeid. I tillegg til dei to undersøkte punkta i øvre del av vassdraget (Kveken kraftverk) i førre rapport, har NVE kravd undersøkingar «på minst to nye stasjonar/representative elveavsnitt», og for Kinsedal kraftverk er det gjort krav om at «naturtyper og karplanter skal kartlegges i planlagt rørgatetrásé og langs berørt elvestrekning».

Resultatet av den nye undersøkinga er at heile elveløpet er avgrensa som ein naturtypelokalitet av typen *skogsbekkekløft* (basert på dei nye faktaarka til DN-Handbok 13). Lokaliteten har fått verdi A, men konsulenten legg ikkje skjul på at den nøyaktige avgrensinga er diskutabel og at A-verdien pga. mosaikkprega naturførekomstar ikkje er like korrekt for alle delar av lokaliteten. Dette er likevel ikkje svært viktige ankepunkt, ettersom habitatvariasjon er typisk for skogsbekkekløfter og ein sentral del av sjølvdefinisjonen av naturtypen. Faktaarket for naturtypen skogsbekkekløft viser at kløfta med Kinsedalselvi kan førast til delnaturtypen «låglands-lauvskogsbekkekløft», og om denne står m.a. at store elvekløfter inst i fjordane på Vestlandet er særleg verdifulle.

Verdisetting av skogsbekkekløfter skal ha fokus på to overordna eigenskapar: (1) heilskapen og variasjonsbreidda i bekkekløftmiljøet (fordi den store habitat- og lokalklimavariasjonen er årsaka til at naturtypen er så artsrik), og (2) særeigne og spesielle bekkekløfthabitat og -artssamfunn (fordi dette er eigenskapar som ikkje finst eller er sjeldne i andre naturtypar). Ut frå retningslinjene for avgrensing og verdisetting av naturtypelokaliteten skogsbekkekløft vurderer vi at det er gjort rimelege avvegingar av konsulenten. Dette gjeld også om ein tar utgangspunkt i naturtypen bekkekløft og bergvegg i noverande DN-Handbok 13.

Raudlistekategoriene er ikkje heilt oppdaterte i alle delar av teksten, og i lokalitetsomtalen av skogsbekkekløfta er fire artar feilkategoriserte (ask og alm er VU, ikkje NT; almekullsopp er NT, ikkje VU; og strandsnipe er ikkje lenger raudlista). Dette får likevel ingen verknad for verdisettinga av lokaliteten.

Når det gjeld førekomsten av mogleg hornstry (NT) i nordre del av influensområdet for Kveken kraftverk har både konsulent og utbygger (i sine kommentarar til tilleggsutgreiinga) peikt på at artsbestemminga er usikker. Dette skuldast at arten inngår i eit artskompleks med to nærstående

artar som den vanskeleg kan skiljast frå. Men ettersom begge dei to andre artane også er raudlista (ringstry NT, kyststry VU), ser vi ikkje grunn til å legge vekt på dette.

På grunn av den noko sørvendte orienteringa har bekkekløfta ein del solinnstråling. På den bakgrunnen er det naturleg å vente at vassføringa er sentral for å oppretthalde naturverdiane i området, m.a. førekomstane av raudlista artar knytte til fuktmiljø. Vi vurderer derfor inngrep som kan føre til vesentleg reduserte fukttilhøve som uheldige i ein stor, svært artsrik og biologisk viktig lokalitet som denne.

Det må nemnast at bekkekløfta i Kinsedal har andre kvalitetar enn Krokadalen litt lenger nord. Her er det også er registrert bekkekløft verdi A. Kinsedal ligg sørvendt, Krokadalen vestvendt, og dei to bekkekløftene supplerer kvarandre og får fram den store variasjonen i nasjonalt viktig naturmangfald i området.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer at bekkekløfta i Kinsedal har så stor verdi at bygging av Kinsedal kraftverk og Kveken kraftverk kjem i konflikt med nasjonale naturverdiar. Aktuelle avbøtande tiltak kan ikkje avhjelpe dette.

Fylkesmannen fremjar, med heimel i vassressurslova § 24, motsegn mot bygging av Kinsedal kraftverk og Kveken kraftverk.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Luster kommune